



## **Ulvik Herad Utvikling**

Vår ref.            Stad/Dato.  
9901485-62        12.09.00

### **VEDTEKTER FOR TILDELING AV KULTURVERN MIDLAR**

#### **1. Målsetjing.**

Tilskotsordninga med kulturvernmidlar skal fremja vernetanken i heradet. Utviklingstyret ser kulturvernmidlar som eit aktivt tiltak for å taka vare på og sikra det lokale kulturmiljøet, det vil seia eldre bygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne.

For å vidareutvikla lokal og regional byggjeskikk, ynskjer utviklingstyret at tilskotsordninga skal stimulera til ei harmonisk utforming og tilpassing av nybygg eller tilbygg i høve til gardstun og andre bygningsmiljø.

#### **2. Prioritering.**

Ved prioritering av søknader vil ein mellom anna vurdera ut frå fylgjande punkt:

- at størst mogeleg breidd av kulturminne vert representert.
- sjeldne kulturminne må sikrast.
- om kulturminnet er særleg typisk for lokalmiljøet.
- om kulturminnet er utsett og i ferd med å bli borte.
- om kulturminnet har pedagogisk verdi.
- at kulturminnet kan få ein funksjon etter restaureringa/istandsetjinga.

#### **3. Føresetnader for tilskot.**

Utviklingstyret gjev tilskot til restaurering/istandsetjing under føresetnad av at det opphавеlege, som knyter seg til kulturminnet ikkje vert vesentleg endra ved restaureringa/istandsetjinga.

Utviklingstyret kan gje rettleiing til eller koma med merknader til restaureringa/istandsetjinga i kvart einiskild tilfelle. Bygningsrådet i Ulvik skal ha godkjent restaureringa/istandsetjinga. Det er ein føresetnad for tilskot at eigar/brukar yter ein eigendel. Utviklingstyret kan i særleg høve vika frå krav om eigendel.

I ordninga med tilskot til arkitekt hjelp ved nybygg eller tilbygg vil det bli lagt vekt på følgjande:

- utforming.
- materialbruk.
- fargeval
- takform og takvinkel
- tomta sin topografi og utforming.

#### **4. Kven kan søkja.**

Utviklingstyret gjev tilskot til restaurering/istandsetjing av eldre bygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne, som ligg innanfor Ulvik herad sine grenser. Eigar av desse minna kan søkja om kulturvernmidlar. Dette gjeld for private, som for frivillige organisasjonar. I tilfelle der brukaren søker om midlar skal eigaren godkjenna søknaden.

#### **5. Til nybygg og tilbygg vert det gjeve gratis arkitekt hjelp etter denne ordninga:**

Ein dag med vitjing av arkitekt med kartlegging og synfaring.

Arkitekt lagar referat og skisser. Dette arbeidet skal tilsvare 16 timar. Etter denne fyrste konsultasjon er det opp til den einskilde om ein vil nytta arkitekten vidare for eiga rekning.

#### **6. Saksgang.**

Tilskotsordninga med kulturvernmidlar vert gjort kjent i pressa og ved oppslag. Søknadsfrist er 15.april. Utviklingstyret avgjer om det skal skje tildeling meir enn ein gong i året.

Tilskot og midlar til arkitekt hjelp kan det søkjast om heile året. Søknaden vert skriven på eige søknadsskjema, som ein får på kulturkontoret. Saman med søknadsskjemaet skal det delast ut vedtekter for tildeling av kulturvernmidlar. Søknaden skal innehalda kostnadsoverslag for restaureringa/istandsetjinga , og framdriftsplan for denne. I kostnadsoverslaget skal det gå fram kva eigendelen til søkjaren er og verdien av denne. Tilskot vert gjeve på grunnlag av kostnadsoverslag godkjent av teknisk kontor.

Innanfor den budsjettpost som utviklingstyret disponerer står utviklingstyret fritt til å fastsetja storleik på dei einskilde tiltaka. Summen av tilskot til einiskild-tiltak over kr.130.000.-, som ikkje er budsjettert særskilt, vert avgjort av heradsstyret. Når utviklingstyret gjev tilskot skal det lagast ein avtale mellom tilskotsmottakaren og utviklingstyret om restaureringa/istandsetjinga av kulturminnet.

## **7. Utbetaling.**

Utbetaling av kulturvernmidlar skjer, når restaureringa/istandsetjinga er ferdig i fylgje planane og avtalen mellom tilskotsmottakaren og utviklingstyret, og etter eventuell godkjenning frå bygningsråd/brannstyre. For større arbeid kan inntil halve tilskotet utbetalast når ein tilsvarande del av arbeidet er gjort.

Utbetaling går til søkjaren.

Når ein søkjar har fått tilsagn om tilskot til restaurering/istandsetjing må arbeidet utførast i søknadsåret eller året etter, elles fell tilskotet bort.

Søkjaren, som får tilskot, pliktar å gje utviklingstyret ein rapport om gjennomføringa av restaureringa/istandsetjinga , og vurdera kva røynslar dei har gjort seg i samanheng med dette arbeidet.

Kostnaden for arkitekt hjelp vert gjort opp direkte mellom kulturkontoret og arkitekt.

Vedteke i Ulvik heradsstyre sak 101/89 og revidert i H-sak 25/91.  
(Endra av adm. etter div. omorganisering 03.02.97)